
Saksnr: 2021/15792-7
Saksbehandlar: Charlotte Espeland

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		08.09.2021

Fordeling av spelemidlar til Den kulturelle skulesekken for skuleåret 2021/22)

Forslag til vedtak

1. Tildelte statlege spelemidlar til DKS for skuleåret 2021/22 vert fordelte i samsvar med føringar frå Kulturtanken.
2. Del til DKS i grunnskulen vert fordelt mellom fylkeskommunen og kommunane slik:
 - del til Bergen kommune fastsett av Kulturtanken,
 - ein tredjedel av resterande del fordelt på kommunane etter fordelingsnøkkel frå Kulturtanken,
 - to tredjedelar av resterande del til Vestland fylkeskommune sitt DKS-program i grunnskulen.
3. Resterande del av samla tilskot vert nytta av Vestland fylkeskommune til DKS-program i vidaregåande skule.
4. Avdelingsdirektør for kultur, idrett og inkludering får fullmakt til å fordele spelemidlar til DKS for skuleåret 2021/22 i samsvar med vedtakspunkt 1-3 .

Samandrag

Saka gjeld fordeling av spelemidlar til Den kulturelle skulesekken (DKS). Gjennom DKS skal fylkeskommunen og kommunane i fellesskap gje elevar i grunnskulen og vidaregåande skule møte med profesjonell kunst og kultur av høg kvalitet kvart skuleår. Ordninga er finansiert med overskot av spelemidlar frå Norsk Tipping. Kulturtanken har det sentrale ansvaret og fordeler midlane til fylkeskommunane etter ein fordelingsnøkkel. Vestland fylkeskommune har det regionale ansvaret og fordeler midlar vidare til kommunane i fylket etter same nøkkel. For skuleåret 2021/22 er Vestland fylkeskommune tildelt kr. 35 606 847 til DKS.

Per Morten Ekerhovd
avdelingsdirektør

Siri Ingvaldsen
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Den kulturelle skulesekken (DKS) er ei nasjonal ordning som skal sikre elevar frå 1. klasse i grunnskulen til 3. steg i vidaregåande skule møte med profesjonell kunst og kultur.

DKS-ordninga vart etablert i 2001 og er kjernen i regjeringa sin politikk for kulturformidling til barn og unge. Ordninga er finansiert med overskot av spelemidlar frå Norsk Tipping og fylkeskommunale/ kommunale driftsmidlar.

Kulturtanken har det sentrale ansvaret for DKS, og fylkeskommunane og kommunane forvaltar ordninga regionalt og lokalt. Fylkeskommunen skal utarbeide eit breitt program både til grunnskulen og vidaregåande skule i heile fylket med unntak av grunnskulen i Bergen som er direktekommune. Kommunane skal utarbeide eit tilsvarande breitt program til grunnskulane i kommunen.

For skuleåret 2021/22 er Vestland fylkeskommune tildelt kroner 35 606 847 til DKS. Om lag 25,6 mill. skal nyttast på tiltak i grunnskulen og rundt 10 mill. på tiltak i vidaregåande skule. Desse beløpa er utgangspunkt for vidarefordeling av midlar til kommunane i Vestland.

Mål for DKS

I Meld. St. 18 (2020-2021) Oppleve, skape, dele - Kunst og kultur for, med og av barn og unge la regjeringa fram nye nasjonale mål for DKS. Stortinget har slutta seg til måla, med ei tydeleggjering av at målet med DKS framleis skal vere å bidra til at elevar får eit profesjonelt kunst- og kulturtilbod, jmfør Innst. 622 S (2020-2021) og vedtak av 8. juni.

I tråd med dette skal DKS:

- vere eit gratis og jamleg tilbod til alle barn og unge i grunnskulen og vidaregåande skule,
- sikre at barn og unge får eit likeverdig og profesjonelt kunst- og kulturtilbod av høg kvalitet, uavhengig av kvar dei bur, slik at dei kan gjere seg kjende med og utvikle forståing for eit variert spekter av kulturuttrykk,
- bidra til barn og unge si danning og utdanning, slik det er formulert i overordna del i læreplanar i fag,
- formidle eit kulturtilbod som blir opplevd som relevant, og som representerer eit kulturelt mangfald av tilbod og utøvarar,
- vere eit samarbeid mellom kultursektoren og utdanningssektoren på alle nivå for å sikre god planlegging, forankring og tilrettelegging,
- bidra til å styrke norsk språk, dei samiske språka, dei nasjonale minoritetsspråka og norsk teiknspråk som grunnleggande kulturberarar,
- bidra til å formidle kunst- og kulturtilbod til barnehagebarn.

Samarbeid mellom dei ulike forvaltningsnivåa, dei ulike aktørane i kulturlivet, grunnskular, vidaregåande skular og barnehagar er avgjerande for å nå desse måla.

Spelemidlane til DKS skal bidra til at alle barn og unge får oppleve og gjere seg kjende med profesjonelle kunst og kultur innanfor film, kulturarv, litteratur, musikk, scenekunst og visuell kunst. Elevar med nedsett funksjonsevne skal ha lik tilgang og moglegheit til å delta i DKS som andre.

Fylkeskommunane og kommunane kan gjere lokale og regionale prioriteringar for å ivareta og styrke breidda og mangfaldet av kunst- og kulturtilbod. Fylkeskommunane og kommunane må ha eit system for å velje ut innhaldet der ein er open om dei måla og omsyna som vert lagde til grunn. Ein skal legge vekt på medverknad frå barn og unge i alle deler av arbeidet. Fylkeskommunen skal involvere kultursektoren og utdanningssektoren på dei ulike forvaltningsnivåa i vidarefordeling av spelemidlane.

Det vert lagt til grunn at kjerneverksemda for bruken av midlane er tilbod til elevar i skulen. Dei nye nasjonale måla anerkjenner at DKS i fleire kommunar bidrar til å formidle kunst- og kulturtilbod til barn i barnehagar, og opnar opp for at tilbod til denne målgruppa vert inkludert i den grad det er mogleg.

Særskilde prioriteringar og satsingar

Arbeidet med DKS skal vere forankra i ordinære politiske og administrative prosessar og planverk i fylkeskommunen og kommunen. Kulturtanken legg til grunn at det vert utvikla samarbeid og nettverk mellom kultur- og skulesektoren på alle nivå, samt med relevante kulturinstitusjonar, universitets- og høgskulemiljø og forskingsinstitusjonar.

Det er forventa at tilbodet i DKS skal innehalde breidde, mangfald og variasjon, og at det skal utviklast nye produksjonar. Ein sentral premis for ordninga er at elevane skal oppleve tilbodet som relevant og at dei kan ha ei aktiv rolle i planlegginga, utforminga og gjennomføringa. Dagens barn og unge lever i ein medie- og teknologirik kvardag, og tilbodet i DKS bør reflektere dette.

Det er ei målsetting at utøvarane, produksjonane og apparatet elevane møter speglar samfunnet og synleggjer rollemodellar for å bidra til eit inkluderande og mangfaldig fellesskap. Særleg bør ein jobbe for å inkludere samfunnsgrupper som er underrepresenterte.

Tilboda i DKS skal bidra til å gjere elevane betre kjende med begge målformer på norsk og styrke forståinga av dei nordiske nabospråka. I 2021 er det eit fokus på å kartlegge og auke omfanget av produksjonar med nynorsk som målform. Samiske kunst- og kulturuttrykk skal vere ein integrert del av DKS.

Kunstnarar som utfører arbeid i DKS skal betalast i tråd med bransjestandard, og rettshavar sine interesser skal sikrast i samsvar med åndsverklova. Kulturtanken legg til grunn at kunstnarar vert betalte i tråd med gjeldande rammeavtale om vilkår for oppdragstakarar, denne avtalen er forhandla fram av KS og CREO.

Direktekommunar og fordelingsmodellen i fylkeskommunen

Stortinget har slutta seg til regjeringa sitt forslag om å vidareføre direktekommuneordninga som ei søknadsbasert ordning med kriterium fastsette av Kulturdepartementet og Kunnskapsdepartementet i fellesskap. Denne vil vere gjeldande først ved fordeling av spelemidlar i 2022. Den eksisterande ordninga for direktekommunane vert vidareført i 2021, med eit fastsett beløp som vert vidarefordelt av fylkeskommunen.

Bergen kommune er ein direktekommune og har ansvar for heile DKS-programmet til grunnskulen i kommunen. Bergen får derfor tildelt heile sin del av midlane til grunnskulen. For skuleåret 2021/22 utgjer dette kr 7 159 707 av den totale tildelinga til Vestland fylkeskommune.

Dei andre kommunane i Vestland har saman med fylkeskommunen ansvar for DKS-tilbodet til grunnskulen, og midlar til tiltak i desse kommunane vert derfor delte mellom kommunane og fylkeskommunen etter denne modellen:

- fylkeskommunen skal nytte minimum ein tredjedel til DKS-program til grunnskulen i kommunane,
- minimum ein tredjedel skal kommunane sjølve disponere til DKS,
- fordeling av den siste tredjedelen avgjer fylkeskommunen i dialog med kommunane.

Praksis både i Hordaland og Sogn og Fjordane har vore at fylkeskommunen har disponert to tredjedelar av tilskotet til grunnskulen, og dette vart også vedteke for skuleåret 2020-2021 i Vestland fylkeskommune. Denne ordninga har fungert godt.

Fylkeskommunen avgjer eventuelle regionale tilpassingar og melder slike endringar til Kulturtanken.

Rapportering

Fylkeskommunen og kommunane rapporterer bruk av spelemidlane pr. kalenderår. Vestland fylkeskommune er ansvarleg både for rapporteringa for tilskotet ein sjølv forvaltar og for den delen som vert fordelt vidare til kommunane.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering.

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Vestland fylkeskommune får årleg tildelt spelemidler til DKS-programmet i skulen frå Kulturtanken. Saka gjeld desse midlane.

Klima:

I programmeringa og turnéplanlegginga for DKS vert det valt miljøvenlege løysingar der det er mogleg.

Folkehelse:

Kultur bidreg til betre folkehelse.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

DKS bidrar til mål 3: Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv.

Konklusjon

DKS er ei nasjonal ordning som skal sikre elevar i grunnskulen og vidaregåande skule møte med profesjonell kunst og kultur.

Ordninga er finansiert med overskot av spelemidler frå Norsk Tipping og fylkeskommunale/kommunale driftsmidler. Kulturtanken har det nasjonale ansvaret for DKS, og fylkeskommunane og kommunane forvaltar ordninga regionalt og lokalt.

Midlane til DKS skal fordelast mellom fylkeskommunen og kommunane etter ein fordelingsnøkkel frå Kulturtanken. Fylkesdirektør rår til at Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek prinsipp for deling av midlar, slik dei kjem fram av saka.